



UNIVERSITETET I OSLO

Forskar forbundet ved UiO

NTL ved UiO

Parat ved UiO

Akademikarane ved UiO

Dato: 07.06.2022

Dykkar

ref.:

Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 07.06.2022

Frå organisasjonane

- Marie Sørhaug - NTL
- Hilde Spjelkavik Kveseth - Akademikarane
- Cecilie Wingerei Lilleheil og Bjørnar Sæther – Forskar forbundet
- Mari Gakkestad - lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør
- Jannicke Helen Monsen – seksjonssjef HR
- Aud-Jorunn Sandal - referent

Innkallinga vart godkjend.

Organisasjonane hadde merknad til at sakspapira vart lenka for seint opp på styrekartet.

Fakultetsdirektøren orsaka for dette.

Lenke til styresakene: <https://www.sv.uio.no/om/organisasjon/styret/moter/2022/index.html>

Drøftingssaker

1. Årsplan 2023-2025

Fakultetsdirektøren opna med å be om merknader til årsplanen.

Verneombodet syner til det strategiske målet om eit trygt og godt arbeidsmiljø for tilsette og studentar. Her er det berre eit foreslått tiltak som går på at ARK skal følgjast opp. Med tanke på at dette er ein handlingsplan som skal gjelda fram til 2025, og ARK vart gjennomført i 2021 så er dette for svakt. Dekanen seier at det ikkje berre er ARK som arbeidsmiljøtiltak som ligg i planen, men at ein kan sjå på om ein kan tydeleggjera dei andre tiltaka.

Akademikarane stiller spørsmål knytt til administrative ressursar. Det er kome tilbakemeldingar at fakultetet ikkje vil at einingar skal søkje Marie Skłodowska-Curie-nettverk (stipendiatstillingar med joint

Det samfunnsvitskaplege fakultet

Fakultetsadministrasjonen

Postadresse:

Postboks 1084 Blindern
0317 Oslo

Besøksadresse:

Eilert Sundts hus 4. et.,
Moltke Moes vei 31, 0851
Oslo

Tlf: 22 85 62 64

Faks: 22 85 48 25

E-post: postmottak@sv.uio.no

www.sv.uio.no

Org.nr.: 971 035 854



degrees), då dette er for ressurskrevjande for administrasjonen.

Dekanen stadfestar at slike joint degrees er arbeidskrevjande for administrasjonen. Hovudproblemet er at ulike land har ulikt lovverk knytt til doktorgrader som gjer at det er juridiske hindre.

Akademikarane har også spørsmål om berekraftsmåla. Kven skal definera måla, korleis skal dette implementerast i studieemna, kven skal gjera dette osv. Her vil ein ha behov for retningslinjer og opplæring.

Dekanen seier at ein jobbar med dette sentralt, og at det vil bli dei emneansvarlege som må passa på berekraftsmåla. Vidare er berekraftsmåla foreløpig berre på programnivå og ikkje emnenivå.

Forskarforbundet meiner dei strategiske måla for emne og program er gode, gjenkjennelege og tilpassa 2023, spørsmålet er i kva grad det finnes menneskelege ressursar til å gjennomføra tiltaka. Det vil krevja undervisarar på eit visst nivå der ein ikkje berre kan satse på studentassistentar. Det er begrensa kor mange oppgåver ein kan leggja på dei vitskapleg tilsette. Det er også bygningsmessige utfordringar då ein ikkje har tilstrekkeleg tilgang på lokale som opnar for nye undervisningsformer. Tenkjer då spesielt på at det bør vera tilgang på fleire større undervisningsrom med flate golv, tilpassa meir gruppebasert undervisning.

Dekanen seier ein har dei ressursane ein har, at det er eit handlingsrom for å nå måla, men at ein kanskje må jobba litt annleis. Dette er også bakgrunnen for at ein har fått EILIN, som skal støtta dei vitskaplege i utvikling av nye undervisningsformer.

Verneombodet syner til at det står at ein skal kartleggje arealbehov, men ikkje kva ein skal gjera vidare etter ein har kartlagt. Det bør vera eit mål i planen at ein skal sikre eit godt fysisk arbeidsmiljø.

Forskarforbundet melder også at det er eit behov for å forenkla dei administrative rutinane knytt til timerekneskap.

Forskarforbundet meiner at årsplanen er ambisiøs på mange felt, men at den er litt mangefull i tiltaka knytt til administrativt tilsette. Her bør ein kunne vera meir konkret, og spesielt knytt til kva ein kan gjere for å behalde folk.

Verneombodet etterlyser felles sosiale tiltak for vitskapleg tilsette på tvers av einingane, slik ein har for administrativt tilsette.

Forskarforbundet foreslår å leggja dette inn under punkt 4 i årsplanen. Ein kunne til dømes invitera dei ulike stillingsgruppene til eigne lunsjar to gonger å året, slik at ein kan bli betre kjent på tvers av einingane. Det treng ikkje kosta så mykje.

NTL ber om at årsplanen også blir sak på neste IDF-møte. Planen er så stor, ein fekk saka så seint, og organisasjonane bør få betre tid til å jobbe med dokumentet.

Forskarforbundet støttar dette.

NTL trekk fram at det er fint med tilbod som EILIN, men hovudutfordringa er at ein treng tid til å jobbe med pedagogisk utvikling. NTL etterlyser også kva dei konkrete tiltaka etter ARK skal vere.

2. Oppfølging av språkkravet ved tilsetjing i vitskaplege stillingar

Dekanen går igjennom status i saka, men utgangspunkt at det i kunngjeringar ligg inne krav om at ein



skal lære seg norsk i løpet av to år. Etter to år skal ein vera på B2-nivå, dvs. ha bestått Bergenstenen. Skal B2 vera målet, kven følgjer opp, korleis tilretteleggjer ein, kva med vidare oppfølging etter 2. året osv.

Forskarforbundet seier dette er ei viktig sak som angår mange tilsette, og vil gjerne ha saka opp igjen på eit seinare IDF-møte slik at ein får betre tid til å førebu seg. Stiller også spørsmål om det ikkje burde vore felles reglar ved UiO, og ein må også få inn overgangsordningar for dei som allereie er tilsett. Dekanen seier at det går mot felles reglar ved UiO.

Akademikarane påpeikar at B2 ikkje er eit spesielt høgt nivå, og at det er mange oppgåver den tilsette ikkje vil kunne setjast til. Vidare bør det klargjerast kva konsekvensar det vil ha å ikkje oppfylle språkkrava etter ein gitt periode.

Dekanen seier det er viktig med innspel for både korleis ein skal sikra B2 etter 2 år, men også vidare tilrettelegging. Akademia er kjent for å vera ein därleg integreringsarena då ein raskt slår over på engelsk dersom nokon ikkje er flytande i norsk. Ein må tilrettelegge for arenaer der ein høyrer og bruker norsk. Språk er eit viktig integreringstiltak.

NTL er oppteken av at ein må ta meir ansvar enn berre å gje utteljing i timerekneskapen og tilpassa arbeidsoppgåvene tilpassa den enkelte sitt språknivå. Grunneiningane må legge til rette for at ein kan ta norskopplæring utanfor sommarferien.

Informasjonssaker

A. Fakultetsstyremøtet 9. juni 2022

Fakultetsdirektøren spør om det er merknader til dei andre sakene.

NTL spør korleis ein vil sikra eit forsvarleg nivå på talet på prosjektkontrollørar og talet på prosjekt.

Fakultetsdirektøren er kjent med at arbeidspresset har vore høgt, men at ein no tek sikte på å auke med ei stilling slik at ein får til saman 6 prosjektkontrollørar på fakultetet.

Forskarforbundet syner til saka om strategi for forskingsinfrastruktur og meiner at dette burde ha vore drøftingssak. Dette vil ha følgjer for dei tilsette og då er det viktig at organisasjonane er med i prosessen. Ber om ein skikkeleg presentasjon av saka i eit seinare IDF-møte.

Fakultetsdirektøren vil koma tilbake med saka på eit seinare IDF-møte.

B. Status ESH

Fakultetsdirektøren orienterer om status i oppussinga av ESH og planane for tilbakeflytting

C. Status organisering kommunikasjon

Fakultetsdirektøren orienterte kort om status for oppretting av ny kommunikasjonsavdeling.

D. Status UiO:IT organisering

Lenk til følgjande nettside følgde innkallinga: <https://www.uio.no/for-ansatte/arbeidsstotte/prosjekter/opp/leveranser/endelig/>

Fakultetsdirektøren orienterte kort om status, og at vidare oppfølging av den nye IT-avdelinga må gjerast av ny arbeidsgjevar sentralt ved UiO.



UNIVERSITETET I OSLO

4

E. Personalsaker (nytilsettingar/kunngjeringar som kan vere av interesse og liknande.)

- Jannicke Helen Monsen er tilsett som seksjonsleiar ved den nyopprettet seksjonen for HR.
- Brita Langeid er tilsett som ny kontorsjef ved Økonomisk institutt
- Agnieszka Silska er tilsett som rådgjevar med arbeidsoppgåver knytt til leiarstøtte.

Akademikarane syner til at ein tidlegare sendte ut til alle studiekonsulentane ved fakultetet når det var tilsett nye studiekonsulenter. Ber om at ein tek opp igjen den rutinen.

F. Diverse

- Forskar forbundet hadde meldt inn sak om å bli orientert om status i tilsettingssak ved TIK. Fakultetsdirektøren orientert kort i møte.
- Arbeidsgjevar ber organisasjonane om å halde nettsidene sine med oversikt over tillitsvalte oppdatert, då det er dette som vert lagt til grunn ved innkalling til IDF-møter, ansettelsesråd og liknande.

Med helsing

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Aud Jorunn Sandal
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:

Aud Jorunn Sandal
+4722858224, a.j.sandal@sv.uio.no